Møtereferat
Tverrkommunal styringsgruppe
Herøy, Sande og Ulstein

Stad og tid: Ulstein rådhus, 08.04.26, kl 16-1900

Møtedeltakarar:

Herøy: Ann-Kathrin (Tine) Storøy, Linn-Therese Hansen Sævik, Karl-Oskar Sævik, Trond Arne Rossi Aglen

Sande: Dag Vaagen, Einar Arne Ekroll, Unny Iren Haugen, Renathe Rossi Aglen

Ulstein: Stian Skorgen Scheide, Hanne Notøy, Lisa Mari Breivik Andreson, Jarl Martin Møller

Prosjektleiar: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Møteleiar: Stian Skorgen Scheide
Referent: Lars Erling Bjåstad Hovlid

Saker

1. Velkomen og presentasjon

Møteleiar ønska velkomen og sette rammene for møtet. Deltakarane presenterte seg sjølve.

2. Status frå dei ulike kommunane

Ordførar frå kvar av kommunane informerte om status i si kommune.

3. Roller og prosjektleiing

- **Møteleiing** skal gå på rundgang. Kommunen der møtet finn stad har ansvar for møteleiing.
- **Prosjektleiing.** Alle kommunane i Sjustjerna har slutta seg til ein grunnavtale om utvikling av interkommunalt samarbeid. Statsforvaltaren har løyvd midlar til prosjektleiing knytt til dette arbeidet. I SSIKT er det etablert ei ny avdeling for tenesteutvikling og innovasjon, med mål om å leggje til rette for at kommunane skal samarbeide som éin digital kommune. Statsforvaltaren har vidare signalisert at det

vil bli gitt tilskot til prosjektleiing i utgreiingsfasen for ei eventuell samanslåing av kommunar. Dette omfattar både kommunane Herøy, Sande og Ulstein, og Ørsta og Volda. Statsforvaltaren vil såleis gi tilskot til totalt tre stillingar totalt. Kommunedirektørane i Sjustjerna har vurdert korleis prosjektleiinga bør organiserast for å sikre best mogleg utnytting av positive synergiar. For å førebyggje fragmenterte og lite samanhengande prosessar er det vurdert som viktig å sjå dei ulike prosessane i samanheng. Det vert difor lagt opp til ein modell med felles prosjektleiing for arbeidet med utvikling av interkommunalt samarbeid og utgreiing av eventuelle kommunesamanslåingar. Dette inneber rekruttering av to nye prosjektmedarbeidarar som saman med eksisterande ressurs utgjer eit team på tre personar, med felles ansvar for dei tre parallelle prosessane. Ei slik organisering vil bidra til betre samanheng mellom prosessane og leggje til rette for rekruttering av medarbeidarar med komplementær kompetanse.

- **Kommunedirektørane si rolle.** Kommunelova legg til grunn at kommunedirektørar ikkje kan vere medlemmar i folkevalde utval. Gruppa har vurdert dette, og konkludert med at arbeidet i gruppa i si noverande form ikkje er å rekne som eit folkevalt utval, men som ei styrings- eller arbeidsgruppe. På dette grunnlaget kan kommunedirektørane delta som medlemmar i gruppa, på line med dei andre deltakarane.

4. Konkurransegrunnlag

Konkurransegrunnlaget for utgreiing av mogleg framtidig kommunestruktur vart lagt fram. Styringsgruppa slutta seg til grunnlaget med følgjande merknader:

- Pkt. 2.3.4. Skilje næringsattraktivitet og regional konkurransekraft i to punkt
- Nytt punkt: Interkommunalt samarbeid - Posisjon og rolle i høve interkommunale samarbeid
- Innbyggarhøyring - kva krav ligg i lovverket og kva er erfaringar frå andre samanslåingsprosessar

5. Søknad og tidsplan

Plan for avgjerslefasar og milepålar som ligg i søknaden til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) vart gått gjennom.

Kommunane i Sjustjerna og Norsk innovasjonssenter AS (NIAS) arrangerer demokratikonferanse 30. september. Tema for konferansen vil vere lokaldemokrati med fokus på beredskap, (kommune-) struktur, nasjonale prosessar og global påverknad. Ein legg opp til å presentere faktagrunnlaget i samband med dette, primært kvelden 29. september.

6. Kommunikasjon og arbeidsform

- Kommunikasjon mellom medlemmane i gruppa skjer hovudsakleg per e-post.
- Ordføraren i kvar kommune er talsperson for det arbeidet som vert gjennomført i møta. Ordførarane har dialog mellom møta og har ansvar for nødvendig forankring mot politisk nivå i eigen kommune.
- Eventuelle avklaringar eller forpliktingar som krev politisk vedtak skal leggast fram for kommunestyret til handsaming.
- Prosjektleiar fører referat frå møta. Referatet vert sendt ut per e-post til medlemmane med høve til å kome med merknader innan fastsett frist. Ordføraren i kvar kommune har ansvar for arkivering av referata i eigen kommune, samt for at referata vert lagt fram som referatsak i kommunestyret og eventuelt andre relevante politiske råd og utval.
- Ekstern kommunikasjon skjer gjennom ordførarane, som har ansvar for kontakt med media og samordnar bodskap i dialog med kvarandre. Det er høve til å dele informasjon om arbeidet i sosiale medium, i tråd med gjeldande retningsliner i den einskilde kommunen.

7. Møteplan og vegen vidare

- Prosjektleiar finn tidspunkt og kallar inn til møte. Koordinerer tidspunkt med ordførarane. Så langt det er mogleg, er det ønskjeleg at møta tek til før klokka 16.00.
- Neste møte bør leggjast til etter at leverandørane har levert tilbod innan fastsett frist for utgreiingsarbeidet.
- Det bør gjennomførast studietur til Toten-kommunane som arbeider med kommunesamanslåing. Turen bør skje før sommaren. Prosjektleiar vurderer aktuelle alternativ og koordinere med ordførarane.

Referent Lars Erling B. Hovlid, 09.04.26